



"Skulemeister" Kristian Bringedal i syng og spelar i Haugland skulemuseum. No fristar han fleire turistar til å oppleve "ein skuledag i gamle dagar"- (Foto: Ola Matti Mathisen)

No føreligg Sunnhordland-guiden for 2008 og den fristar mellom anna med kulturvandring i Uskedalen. Kontaktpunkt er Uskedalen Utvikling ved Kristian Bringedal og slik er kulturvandringa skildra i brosjyren:

"Turen går med eigen bil opp dalen til Friheim. Fokus på Kapteinsgarden, gravhaugar, elv og landskap. Haugland skulemuseum – "ein skuledag i gamle dagar". Retur til sentrum med info. om krigshandlingar april dagane 1940. Bygdetunet Rød og Bøkkerverkstaden.

Kr. 100 pr. person, min. fem personar. Møtestad: Uskedalen sentrum ved infotavle. Eigne opplegg for bussgrupper."

Bygdetunet Rød og Haugland gamle skule blir også gjeve ei noko fyldigare omtale. Det blir opplyst at bygdetunet består av stovehus, stabbur, stall, smie og kvernhus frå 1700-talet. Om skulen blir det opplyst at han ligg fem kilometer frå sentrum og at han er frå 1893. Omvisning etter avtale med kulturkontoret.

Ellers i brosjyra er det eit flott bilete frå toppen av Englafjell.

Av Ola Matti Mathisen